

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014**

**Benthe Bondhus** sette fram slikt forslag:

"Tillegg til innstillinga

- Rådet kan ta opp saker som gjeld eldre i fylket.
- Rådet kan samarbeide og ha kontakt med kommunale eldreråd og Statens seniorråd.
- Rådet kan samarbeide med andre organisasjoner.

Under punkt 4 vert det å leggje til,  
Fylkesrådmannen syter for høveleg sekretariat for rådet.

Nytt punkt 5.

5. Økonomi

Fylkeseldrerådet fylgjer dei generelle retningslinene når det gjeld økonomi, som godtgjersle og reise- og opphold."

## **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 8 røyster mot 7 røyster (Sp, A, SV, KrF) for Bondhus sitt forslag.

## **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vedtek "Reglement for fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune".
2. "Reglement for fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune" blir integrert i delegasjonsreglementet.